

## Sak 34-21 Status bygging Melsgjerdet

Tilråding til vedtak

Styret tar orienteringa til vitande.

### Saksutgreiing

Byggherreombod Jonas Reitan ved Ose AS vil delta, orientere og svare på spørsmål.

*Samandrag.*

Vi kan ikkje sjå at der er komne inn nye tilhøve som gir kostnadsauke eller kostnadsreduksjon, utover det som var rapportert i juni.

Slik vi ser det, er vi komne så langt, at mykje av uavklarte tilhøve er på plass. Vaskehall og omlastehall for mat og restavfall er komen langt i bygginga. «Papiromlastehallen», som er eit relativt enkelt bygg samanlikna med rest-, mat-, og omlastehall har ein starta på. Hyttepunktet er avklara og vi kjenner konsekvensane etter Statsforvaltar sitt Løyve vedtak i form av infiltrasjonsanlegg.

Byggherreombod Jonas Reitan hos Ose AS, vil orientere om status i byggeprosjektet på møtet.

Dagleg leiar tek sikte på å rapportere status i kvart styremøte framover i eiga sak til prosjektet er avslutta. Det som er rapport i tidlegare møte, vert ikkje tatt opp att.

*Konsekvensane av å ta ut sedumtak (grønt tak) frå kontrakt.*

Vi har sett på om bestilt sedumtak kan fjernast for å gi innsparing. Sedumtak vart bestilt ved kontraktsignering i desember 2020. Kontraktssum kr1.639.187,-

Sedumtak er tyngre enn papptak, derfor er alle bærande funksjonar i bygget dimensjonert opp for å tole vekta av jord og planter. Fordelen med sedum er først og fremst at den fordrøyar nedbør. Med andre ord held på vatnet, slik at det renn ut meir kontrollert i motsetnad til stål eller papp der styrtregn fører til styrt og på avrenninga. Mange opplever og det grønne som meir tiltalende enn svart papptak, og der bygg vert liggande lågt i terrenget i høve bustader omkring, er det med på å dempe synsinntrykket av dominerande næringsbygg.

Pr i dag 20 august er betongveggane på vaskehall, omlastehall og delvis restavfall hall komne opp, dimensjonert for sedumtak. Betong vert i stor grad produsert i form av element på fabrikk og transportert til staden og montert på plass.

I løpet av den næraste månaden vil det meste av betong vere på plass når det gjeld omlastehallen for rest og matavfall. Stålet til begge bygga er på veg med båt frå utlandet får vi opplyst. Innsparing på det som er dimensjonert inn i bygget i grunnarbeid, betong og stål er såleis ikkje tilstade. Oppdimensjoneringa er såleis irreversibel, og prisa til kr. 234.502,-

I Løyve frå statsforvaltar av 28 mai, er det sett krav om at takvatnet skal til infiltrasjon, og dersom det ikkje kan fordrøyast i sedumtaket, må det fordrøyast på bakken i eige basseng.

Prosjektert basseng på bakkeplan må såleis utvidast om sedumtaket skal bort, noko som vil koste prosjektering og bygging og gi enda meir redusert veg, parkering og trafikkareal i området mot aust. Vi må og rekne med omlegging av vatn og avlaupsleidningar som alt er lagt.

Vi har fått tal på dette frå Aurstad Tunell:

Fjernar vi sedumtaket må fordrøyningsbassenget utvidast med i overkant 450 kbm. Dette fører til at bygge som er teikna bak tippplomme restavfall, må flyttast mot sør. Dette gir i tillegg konsekvensar for rundkøyringsøya som fordrøyinga skal vere, slik at bilane som lastar kjem seg inn og ut frå omlastehall og vaskehall.

Kostnaden med utvidinga er kalkulert til kr 1 623 400. Medrekna oppdimensjoneringa av betong og stål, blir fjernekostnaden kr 1.857.902,-

Oppsummert blir det kr 218.715,- dyrare å ta bort sedumtaket, enn å ha det med. Rådet mitt er derfor å ikkje gjere endringar på dette.

Opphavelig sak er oppdatert 20.08.21

Petter Bjørdal  
Dagleg leiar

